

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2015	Formannskapet i Radøy	PS	28.05.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/799	15/5612

## Nærings- og samfunnsplan Nordhordland

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.13. vedtak om å starta arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland. Styringsgruppa har sendt utkast til interkommunal nærings- og samfunnsplan ut til kommunane for administrativ handsaming og politiske innspel før planen vert lagt ut til offentleg høyring.

Nærings- og samfunnsplanen har mål og strategiar for korleis Nordhordland skal møta venta vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Planutkastet er eit resultat av ein prosess med mange involverte. Tilsette i kommunane, politikarar og næringsliv deltok på «kick-off» for arbeidet, regionrådet har jobba med planen, og styringsgruppa har no lagt fram sitt utkast.

Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen er eigmaktig av kommunane og Regionrådet og skal fungera som eit retningsgjevande verkty for regional næringsutvikling. I heile prosessen har målet for styringsgruppa vore at planen skal bli eit nyttig reiskap som kommunane kjenner seg igjen i, som er relevant og som gjev praktisk hjelp og retning i næringsutviklingsarbeidet.

Frist for innspel frå administrasjonen og formannskapa er sett til 12. juni.

Den offentlege høyringa skal skje i haust og styringsgruppa for nærings- og samfunnsplanen for Nordhordland ønskjer å presentera planen for dei nye kommunestyra, før planforslaget skal handsamast politisk.

### Konklusjon:

Rådmannen legg utkast til Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland fram til drøfting og mogleg uttale.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting utan tilråding.

### Formannskapet i Radøy - 041/2015

#### FS - handsaming:

Kari Evensen Natland frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS gav ein grundig presentasjon av utkast til interkommunal nærings- og samfunnsplanen for Region Nordhordland. Planarbeidet er forankra i regionrådet, og hovudmålet er at Nordhordland skal vera ein region med sterkt næringsliv og

attraktivt bumingjø. Natland Evensen peika på behovet for ein plan som kan binda saman kommunane, fylkeskommunen og Business Region Bergen sine planar. Planen skal nyttast av kommunane og Nordhordland Utviklingsselskap IKS i vidare arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling. Regionen treng strategiar for å handtera den forventa folketalsveksten og å ta ut det regionale potensialet ved å tilrettelegga for betre og meir målretta samarbeid. Kari Evesen Natland sa at regionstankegangen er ein føresetnad for å nå måla.

Endeleg planframlegg kjem til politisk handsaming i kommunestyret tidleg i neste kommunestyreperiode.

Formannskapet drøfta utkast til interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland. Frode Hervik (V) kom med innspel om å få med i tiltaksdelen i planen eit punkt om reiselivssatsing i regionen. Han peika på Nordhordland som destinasjon er viktig som grunnlag for å utvikla reiselivsprodukt lokalt.

Formannskapet drøfta også behovet for ei sterkare samhandling mellom ulike aktørar for at regionen skal stå sterkest mogleg og lukkast i utviklinga av regionen.

Frode Hervik (H) kom med følgjande protokolltilførsel:

Formannskapet oppmodar NUI om å tilpassa interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland til den nye næringsplanen for bergensregionen (BrB).

Formannskapet tek presentasjonen av interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland til orientering. Formannskapet oppmodar NUI om å tilpassa den interkommunale nærings- og samfunnsplanen til den nye næringsplanen for bergensregionen (BrB).

#### **FS - vedtak:**

Presentasjonen av interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland vert tatt til orientering. Formannskapet oppmodar NUI om å tilpassa den interkommunale nærings- og samfunnsplanen til den nye næringsplanen for bergensregionen (BrB).

#### **Vedlegg:**

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland Strategidokument  
Nærings- og samfunnsplan for Nordhordland Faktagrunnlag